

Vitskapsteori - positiv eller kritisk?

"Sosiologien som vitskap: positiv eller kritisk disiplin?", spør Hans Skjervheim i eit foredrag for Norsk sosiologforening i 1962. "Er ein rein positiv teori om samfunnet mogleg, eller vil alle teoriar om samfunnet i fylgje sitt vesen vera kritiske og ha ein legitimerande funksjon?" Og svaret kjenner vi: "Eg skal prøva visa at det siste må vera tilfelle".

Med Skjervheim kan vi spørje: "Vitskapsteorien som vitskap: positiv eller kritisk disiplin?" - Men vi skal vente med svaret.

(1) Skjervheims poeng

Aller først kan det vere umaken verdt å minne om grunnpoenget til Skjervheim. Det kan vi gjere ved å skissere ein idealtypisk skilnad mellom vitskap som forskar på naturfenomen og vitskap som forskar på talande og handlande subjekt, med tanke på den rolla som hermeneutikken spelar i dei to tilfella. Visseleg er det slik at vi i all vitskap, også i naturvitskap, nødvendigvis har gjensidig forståing og kommunikasjon mellom forskarane som samhandlar og samtalar i eit forskingsprosjekt. Det er også slik at all forskning har eit hermeneutisk (tolkande) forhold til det som det blir forska på, i det forstand at forskingsfeltet alltid er begrepsmessig strukturert på ein eller annan måte. Derfor kan det i alle vitskapar, også i naturvitskapane, oppstå grunnlagsdiskusjonar om alternative måtar å begrepsfeste (eller "konstruere") feltet på. Men for dei vitskapane som forskar på andre menneske, som talande og handlande medsubjekt, inngår det dessutan eit hermeneutisk forhold mellom dei som forskar og dei det blir forska på: Det den eine parten seier og gjer, er i prinsippet forståeleg for den andre parten. Derfor kan det som forskarane ut frå si forskning seier om dei som dei forskar på, verke inn på dei det blir forska på, ved at dei sistnemnde gjer seg tankar om det som forskarane seier om dei, t.d. slik at dei i større eller mindre grad godtar dei utleggingane som forskarane gir, og dermed endrar si eiga sjølvforståing i den retning. Eit eksempel kan vere endringar i sjølvoppfatningar på grunn av psykoanalytisk forskning, gjerne formidla gjennom skjønnlitteratur og pedagogikk. Men i prinsippet kan det her vere påverknad begge vegar: Også forskarane kan lære av dei som dei forskar på! (Skal

vi tru Skjervheim, var det den slags lærdom som i si tid gjorde at han som ung sosiolog la intervju-blokka til sides og heller diskuterte med dei han skulle ha intervjuar – og slik vart han filosof av det sokratiske slaget og ikkje empirisk arbeidande sosiolog.)

På grunn av dette hermeneutiske forholdet mellom forskarane og dei det blir forska på, kan slik humanvitskapleg forskning føre til endringar i sjølvopfatning hos dei sistnemnde (og dei førstnemnde), og dét kan uttrykkast ved å seie at denne forskinga ikkje har eit ”nøytralt” forhold til det og dei som det blir forska på, men eit ”involverande” forhold, som kan fungere *endrande* overfor det og dei det blir forska på. Slik forskning kan legitimere eller delegitimere føreliggande oppfatningar og ordningar. Sagt på ein annan måte: slik forskning er ”kritisk” i denne tydinga, ikkje ”positiv” som når vi forskar på gitte fenomen som ikkje kan endrast ved det som forskinga seier om desse fenomena.

Derfor, kan vi seie, bør forskarane i desse humanvitskaplege disiplinane innsjå at det forhold seg slik, og derfor bør dei ikkje unndra seg dei vitskapsfilosofiske diskusjonane om slike grunnlagsproblem.

Så langt om grunnpoenget hos Skjervheim når han karakteriserer sosiologien som ”kritisk disiplin”. Lat oss samtidig minne om at Skjervheim, ut frå dette grunnpoenget, såg det som ein fare at disiplinær som sosiologi og psykologi dermed kan komme til å formidle ei objektiverande sjølvforståing, i den forstand at ein tar til å forstå eigne handlingar som årsaksforklarte hendingar. Og dei *yrka* som bygger på desse disiplinane, kan like eins stå for objektiverande holdningar (overfor klientar og pasientar), slik at resultatet kan bli aukande framandgjering og etisk ansvarsfråskriving.

Her kan det saktens tilføyast at dette i praksis er meir tvitydig enn som så, for så vidt som vi i prinsippet kan falle i to grøfter: på den eine sida, at vi årsaksforklarer og behandlar der vi heller burde tilskrive ansvar, og på den andre sida, at vi tilskriv ansvar der vi heller burde årsaksforklare, tilgi og behandle. Det praktisk vanskelege spørsmålet lyder: *Når* er vi myndige menneske som er ansvarlege for det vi gjer, og *når* kan vi seiast å vere underlagt årsaksforhold som fritar oss frå moralsk og rettsleg ansvar? I mange konkrete saker kan dette vere eit vanskeleg spørsmål, slik som ved alkoholisme og svake nevrosar – kort sagt: er ein i slike tilfelle sjuk eller skyldig?

Skjervheims ærend går i første omgang ut på å påpeike at årsaksforklarande humanvitskapar gir premissane både for objektiverande praksis i dei profesjonane som bygger på desse disiplinane, og for objektiverande sjølvforståing fordi slike "kritiske" disiplinær står i eit hermeneutisk forhold til dei oppfatningane folk har om seg sjølve og sine medmenneske. Innbakt i dette har vi det etiske poenget at objektiverande ansvarsfråskrivning inneber at dei det gjeld, ikkje blir sett på som myndige og autonome personar; i denne objektiveringa ligg det såleis ein reduksjon av menneskeverdet.

Når dette er sagt, bør vi legge til at også det naturvitskapane seier kan føre til endra sjølvoppfatning. Dette gjeld t.d. kosmologiske og biologiske teoriar, med stikkord som kopernikansk vending og darwinistisk utviklingsteori. Grunnen til dette innser vi når vi ikkje berre ser på det umiddelbare forholdet mellom forskarane og det eller dei som det blir forska på, men også på alle aktørane i samfunnet som omgir forskinga. Utvidar vi perspektivet på denne måten - og det er det sakleg grunnlag for - blir alle vitskapar potensielt "kritiske" ved at det dei seier kan påverke vår sjølvoppfatning indirekte, via det omliggande samfunn.

Endeleg bør vi føye til at ikkje all humanvitskapleg forskning har mennesket som handlande og talande subjekt som forskningstema. I humanvitskapane blir det også forska på tekstar og kulturgjenstandar, kort sagt, på dei ulike materialiseringar av og uttryksformer for menneskeleg verksemd. I slik forskning vil det såleis ikkje vere tale om ein direkte "kritisk" funksjon, mellom forskande subjekt og forskingssubjekt; men også her kan forskinga fungere "kritisk" via det omliggande samfunn.

(2) Kva med vitskapsteorien?

Her skal vi sjå på det skjervheimske grunnspørsmålet, retta mot *vitskapsteorien*: "vitskapsteorien som vitskap – positiv eller kritisk?" Men aller først kan det vere nyttig å seie noko om kva vi forstår med ordet vitskapsteori.

I utgangspunktet kan "vitskapsteori" seiast å stå for "forskning om forskning". Ordet "teori" kan i så måte seiast å vere noko misvisande. Det er her tale om alle typar forskning på vitskapleg forskning (av alle slag) – ikkje berre teori-orientert forskning, men også empirisk og tekstbasert forskning på forskning, forutan filosofisk refleksjon over forskning. Ofte vil det vere tale om vitskapshistorie,

vitskapssosiologi og vitskapsfilosofi, men det kan også vere psykologisk eller sosialantropologisk forskning om forskning, eller organisasjonsvitskapleg eller økonomisk forskning (for eksempel om organisasjonsmodellar for forskning eller om finansiering og om kostnader versus økonomisk vinst ved ulike typar forskning og forskingsorganisering).

Ordet vitskapsteori, slik det ofte blir brukt på norsk, står såleis for eit "paraply-begrep": Det er *fleire forskjellige* disiplinane som kan inngå i *forskinga* på forskning. I utgangspunktet kan vi derfor rekne med at desse disiplinane kan vere "kritiske" på litt ulikt vis, og det blir interessant å finne ut korleis det i så måte forhold seg i dei ulike tilfelle. Spissformulert kan vi t.d. stille følgjande spørsmål: *Når* er det slik at vitskapsteoretisk forskning gir tilskodarkunnskap om ulike former for forskning, og *når* er det slik at den vitskapsteoretiske forskinga inngår i sjølve grunnlagsdebatten i dei aktuelle fag og fagmiljø?

(3) Døme på ulike "kritiske" innslag i vitskapsteoretisk forskning

For å komme vidare med dette spørsmålet kan vi ta for oss forskjellige typar av vitskapsteoretisk forskning. Her og no må vi likevel nøye oss med å referere til eit par-tre standardtypar av vitskapsteoretisk forskning, og vi kan heller ikkje gå nærmare inn i desse eksempla – det heile må her bli kort og skissemessig:

(a) Vitskapshistorisk forskning på naturvitskaplege hendingar

Ein type vitskapsteoretisk forskning er vitskapshistoriske studiar av fagutvikling eller faglege konflikter i bestemte fag og fagmiljø på bestemte tidspunkt. Eitt døme på slik vitskapshistorisk forskning er Stephen Shapins bok *Den vitenskapelige revolusjon (The Scientific Revolution)* med eksempelbaserte analysar av spenningar og trendar under etableringa av naturvitskapane i Europa frå seinmellomalderen og inn i nyare tid.

Her blir det forska på andre personar og på deira oppfatningar og idehistoriske føresetnader, nemleg på naturforskarar på 15- og 1600-talet. I så måte er det tale om komplekse hermeneutiske relasjonar: (i) mellom dei vitskapshistoriske forskarane som lever i dag (Shapin og hans kollegaer), (ii) mellom dei historiske personane som levde den gong (t.d. mellom Gassendi og Descartes), og dessutan (iii) mellom dei vitskapshistoriske forskarane som lever no og dei som det her blir forska på. Men samtidig er det ein asymmetri i det siste

forholdet ettersom dei historiske personane som det blir forska på, ikkje lenger er i live. Derfor kan ikkje det som vitskapshistorikarane seier, påverke oppfatningane hos desse historiske personane. Derfor får vi ikkje den umiddelbare "kritiske" effekten som Skjervheim fokuserer på i forhold til sosiologi og psykologi. Men samtidig kan slik vitskapshistorisk forskning fungere "kritisk" ved å gi alternative tolkingar for dei som lever i dag, av det som skjedde under etableringa av naturvitskapane, og dette kan igjen bidra til å endre den oppfatninga vi har av menneskets plass i naturen. Ved kritiske tolkingar av andre vitskapshistorikarar (slik som Thomas Kuhn) kan denne forskinga også bidra til å endre oppfatningane om kva som er god forskning på dette feltet. Trass i avstanden i tid mellom forskarane og dei det blir forska på, vil denne typen vitskapshistorisk forskning derfor kunne fungere "kritisk".

(b) *Sosialantropologisk forskning på eksperimentell laboratorie-forskning*

Ein annan type vitskapsteoretisk forskning er *sosialantropologisk* forskning på det andre forskarar gjer, for eksempel i form av handlingsorienterte beskrivingar av det som naturvitskapsfolk foretar seg i eit bestemt laboratorium (jamfør verket *Laboratory life, the construction of scientific facts*, av Bruno Latour og Steve Woolgar). Som i all forskning inngår det eit hermeneutisk forhold mellom desse sosialantropologiske forskarane, samtidig som det også inngår ein hermeneutisk problematikk i den måten forskarane begrepsfestar handlingane og omverda på, for dei som det blir forska på. Dette siste poenget omfattar eit velkjent problem: Med kva for rett kan ein forskar som kjem "utanfrå", gjere krav på å kunne beskrive dei vitskapleg relevante handlingane og hendingane? For det er jo mangt som ein forskar gjer på labben - slik som å drikke kaffi, klø seg bak øret, tromme med fingrane og tørke seg om nasen - som ikkje er relevant for det vedkommande gjer *som forskar*. Utan eit begrep om kva forskning er (og bør vere), og kva for handlingar som dermed er relevante for forskinga, er det derfor uråd å beskrive det som forskingsmessig skjer på eit vitskapleg laboratorium. Allment har vi såleis problemet om forholdet mellom eit deltakarperspektiv på andres handlingar og eit tilskodarperspektiv. Men det kan i den samanheng også argumenterast for at forskarane på labben av og til har utilstrekkelege oppfatningar av det dei sjølve gjer som forskarar. Kan hende er dei sosialantropologiske forskarane i stand til å synleggjere forskingsrelevante forhold som naturforskarane sjølve har vori blinde

for? Dette kan t.d. gjelde graden av sosial påverknad på det dei gjer som naturforskarar og på den måten dei formulerer seg på i vitskaplege samanhengar. I så fall vil den sosialantropologiske forskinga kunne fungere "kritisk", ved å verke forandrande inn på sjølvoppfatninga hos dei aktørane det blir forska på. Men dersom det skal vere ein direkte påverknad, mellom forskarane og dei det blir forska på, er det visse vilkår som må oppfyllest: Dei det blir forska på, må ha tilgang til den forskinga det er tale om, og dei må bry seg om det som denne forskinga seier om dei. Sagt på ein annan måte: Dersom avstanden er stor, frå dei det blir forska på og til dei som forskar, og dersom dei som det blir forska på i tillegg er utan interesse i det sosialantropologane seier, vil ikkje slik sosialantropologisk forskning fungere umiddelbart "kritisk", jamvel om denne forskinga, som all anna forskning, potensielt er "kritisk", ved indirekte påverknad av sjølvforståinga til dei det gjeld.

(c) *Organisasjonsvitskapleg eller makroøkonomisk forskning på institusjonelle og økonomiske rammevilkår for forskning*

Ein tredje type vitskapsteoretisk forskning som vi kunne nemne i denne samanhengen, er *organisasjonsvitskapleg og makroøkonomisk forskning* på dei institusjonelle og økonomiske rammevilkåra for forskning. Dette kan anten gjelde meir allment (t.d. i eit bestemt land på eit bestemt tidspunkt) eller meir spesielt (for bestemte institusjonar eller prosjekt - jf NIFU-forskning). Også i slike tilfelle vil dei nemnde hermeneutiske relasjonane ligge føre. Slik sett kan denne typen vitskapsteoretisk forskning fungere "kritisk". Men i den grad vi har med statistisk orientert forskning på forskning å gjere, kan det vere slik at den enkelte forskar opplever at det er stor avstand mellom den konkrete situasjonen som han eller ho lever i som forskar, og dei statistiske samhengane som denne vitskapsteoretiske forskinga bringer til torgs. Men samtidig er dette kunnskap som rører ved rammevilkåra for forskning: Når det oppstår spørsmål om endring og omorganisering av rammevilkåra for forskning, vil derfor denne typen kunnskap straks bli umiddelbart interessant for den enkelte forskar.

(d) Samlande merknader

Her har vi vist til tre typar vitskapsteoretisk forskning som på noko ulikt vis kan seiast å vere "kritiske". Terminologien blir her viktig. For også dei disiplinane som

ikkje er *kritiske* i den tyding at dei kan verke *direkte* inn på *sjølvoppfatninga* hos dei det blir forska på, vil vere kritiske i kraft av at det dei utseier, *indirekte* kan verke inn på oppfatningar om natur og kultur og menneskets plass i dette. I det hermeneutiske forholdet mellom forskarane og dei det blir forska på, er det (som nemnt) dessutan slik at påverknaden kan gå begge vegar - som framlegg til alternativ sjølvforståing (frå forskarane) den eine vegen, og som fagkritiske merknader (frå lekfolket) den andre vegen.

Vidare er det sjølvsagt slik at vitskapleg kunnskap kan bli brukt til å kritisere (eller legitimere) bestemte forhold og oppfatningar: I kampen mot illusjonar og fordommar, mot ineffektivitet og fordekt snusk spelar faktiske kunnskapar ei avgjerande rolle; dette gjeld t.d. vitskapsteoretisk forskning på organisasjon og økonomi, der ein for eksempel kan påvise at viktige ressursar for bestemte typar forskning ikkje blir fordelte i samsvar med dei erklærte faglege og forskingspolitiske prioriteringane, men ut frå andre og eventuelt mindre aktverdige siktemål. (Eksempel kan hentast frå medisinske forskning.) Også ut frå ein slik språkbruk kan vi tale om vitskapens (potensielt) ”kritiske” funksjon, men det er ikkje denne terminologien vi har tatt utgangspunkt i her, der ”kritisk” gjeld talehandlingsgenererte endringar i sjølvforståing mellom forskande subjekt og det subjektet det blir forska på.

Ord kan brukast på ulikt vis. Såleis kunne ordet ”kritisk” rett og slett nyttast om alle påstandar om at noko er tilfellet og dermed at noko anna ikkje er tilfellet: Når vi påstår at noko er tilfellet, er denne påstanden ikkje ”nøytral” i forhold til alternative påstandar om same sak; i denne forstand kunne vi seie at påstanden har ei ”kritisk” kraft. Og vidare kunne ein seie at når nokon går inn for eit bestemt syn på kva som er god forskning i eit fagfelt - eit syn som kan stå i motstrid til oppfatningar hos andre forskargruppe - så har vi å gjere med normative oppfatningar om forskning og i den forstand med ”kritiske” vitskapsfilosofiske oppfatningar. Det er imidlertid ikkje denne ordbruken vi har lagt til grunn i drøftingane våre. Vi bruker ordet med utgangspunkt i den språkbruken vi finn hos Skjervheim.

Men hos Skjervheim blir ikkje ordet ”kritisk” berre brukt om endra sjølvforståing i forholdet mellom forskande subjekt og subjekt som det blir forska på. Han talar også om ”kritiske” innslag i sjølvreferanseproblematikken, når kunnskapskritiske påstandar slår tilbake på desse påstandane sjølve.

Ideologikritiske påstandar i samfunnsvitenskapane (og i politikken) utgjer klassiske døme på denne sjølvreferanseproblematikken: Når andres påstandar blir søkt forklart som ideologiske uttrykk for bakanforliggende sosiale forhold, slik som klasse eller kjønn, er det nærliggande å spørje om dette også gjeld for eins egne påstandar, slik som denne påstanden sjølv. Med andre ord, når slik ideologikritikk blir framstilt som *total*, blir dei ideologikritiske påstandane sjølve råka av den same kritikken, og vi får ein sjølvkritisk skeptisisme.

Når ideologikritikken slik blir *absoluttert*, kan ein ikkje halde oppe eit skiljet mellom det vitenskaplege språket (som eit metaspråk) og daglegspråket (som objektspråk). Påstandane i den diskursen som ein forskar på og påstandane i den egne forskingsdiskursen, blir då begge tolka ideologikritisk, for argumentasjonen som blir utforska, er av same (ideologiske) slag som den argumentasjonen som inngår i den vitenskapsteoretiske verksemda.

Men når vi ikkje absolutterer denne typen kunnskapskritikk, kan vi halde oppe eit skilje mellom dei to diskursane - mellom påstandane hos forskarane og påstandane hos dei det blir forska på – og slik kan vi unngå den sjølvkritiske sjølvreferanseproblematikken som inntreer når dei to diskursane fell saman. For eksempel, dersom vi utfører vitenskapshistoriske studiar på bestemte *naturvitenskaplege* prosjekt, og dersom det kunnskapskritiske poenget er knytt til *spesifikke trekk* ved *naturvitenskapleg* forskning (t.d. ved eksperiment eller datainnsamling), vil vi ikkje ha eit kritisk sjølvreferanseproblem. Vi kan seie det slik: Di meir vi i den vitenskapsteoretiske forskinga forhold oss til bestemte *cases*, utan å generalisere, og di meir det er eit skilje mellom dei to diskursane, di mindre er faren for at slike kunnskapskritiske poeng får umiddelbar overføringsverdi på den forskinga som det blir forska ut ifrå.

(4) Andre typar vitenskapsteoretisk forskning

Problema omkring sjølvreferanse er eit kjernepunkt hos Skjervheim - eit punkt som mellom anna inngjekk i kritikken av positivismen, som han meinte ikkje takla sjølvreferanseproblematikken på ein tilfredsstillande måte. Vi skal ta ein titt på det kritiske potensialet i sjølvreferanseproblematikken og også på spørsmålet om kva vi i vitenskapsteorien, *in casu* vitenskapsfilosofien, eventuelt kan gjere for å løyse dette problemet.

Til avklaring kan det vere nyttig å sjå på ein viss type vitskapsteoretisk forskning på forskning, nemleg *retorikk-teoretiske studiar av retorikken* i ulike vitskaplege disiplinar og prosjekt:

Termen retorikk kan jo stå for litt forskjellige ting. I utgangspunktet kan det vere ei lære i talekunst, både med tanke på elegansen i språkføring og framføring og med tanke på korleis ein best skal kunne påverke andre ved bruk av språkhandlingar. Slike retorikkteoretiske studiar vil for eksempel fokusere på spørsmålet om forholdet mellom metafor-bruk og begrepsbruk i eit vitskapleg arbeid, eller på framstillingsform og ordval, gjerne med eit kritisk blikk på tvitydige eller potensielt tilslørande trekk ved ein bestemt språkbruk eller argumentasjonsmåte. Slik sett kan ein retorisk analyse ha ein "kritisk" funksjon.

Men dette er ei tilnærming som kan fungere forskjellig i forhold til forskjellige disiplinar og prosjekt:

- *i logikk*

Eit skriftleg arbeid i *formal logikk*, for eksempel, vil neppe vere særleg veileigna for retoriske analysar, og ein av grunnane torde vere at retorikken i utgangspunktet er knytt til daglegspråket. Negativt sagt: eit fagleg kunstspråk, slik som i formal logikk, er fattig på dei ingrediensane som retorikken livnærar seg av. Dessutan vil ein retorisk analyse av logikkens formale språk måtte bli ein analyse av logikkens begrepsbruk, så sant analysen av eventuelle metaforar og tvitydige språkhandlingar skal kunne ha relevans for dei som arbeider med logikk. Med andre ord, skal ein analyse av formallogikkens begrepsbruk fungere kritisk, må den som analyserer vere i stand til å gå inn i den logiske begrepsverda og analysere begrepa frå innsida. I staden for ein retorisk analyse frå "utsida" må vi ha ein begrepsanalyse på innsida av faget. Dette tyder at ein nødvendigvis blir *deltakar* i logikkens grunnlagsdebatt, og at ein ikkje kan operere som distansert observatør av retoriske overtramp og suggestive føringar. Desse poenga gjeld logikken som formalt system; vi ser her bort frå at også logikkens språk blir innlært ved bruk av daglegspråket, og vi ser bort frå logikken som praksis.

- *i eksperimentell naturvitskap*

Retoriske analysar av *eksperimentelle naturvitskapar med formalisert språk* vil truleg føre til dei same konklusjonane som for logikkens vedkommande, men med den skilnaden at daglegspråket og dagleglivets handlingar nok vil spele ei endå viktigare rolle her enn i logikken: Eksperimentering er handling, inklusive

språkhandling. I slik forskning er det dessutan mangt som må diskuterast og forklarast, og dette vil ofte skje i eit meir daglegdags språk. Men i det faglege kjerneområdet vil det også her vere tale om eit veldefinert kunstspråk, og også her vil ein kritisk analyse med relevans for forskarane måtte ta form av ein analyse av begrepsbruken, som innspel i fagets grunnlagsdebatt. Går vi derimot inn på dei forskingspolitiske diskusjonane omkring dei same disiplinane, vil retoriske analysar straks kunne få eit langt større omfang. Dessutan er det sjølvsagt mange forskjellige naturvitskapar, også av det eksperimentelle slaget. Her har vi primært tenkt på fysikken, men allereie ved å vende blikket mot biologien, kan ting sjå annleis ut, med tanke på relevansen av metafor-bruk i og rundt faget.

- i sosiologi

Tar vi så for oss ein samfunnsvitenskap som *sosiologi*, vil retoriske analysar straks vere endå meir relevante (enn i fysikken), som vitenskapsteoretiske innspel, eventuelt med kritisk sikte. Rett nok har også sosiologien eit visst fagspråk, som i praksis vil variere noko med fagleg retning og målgruppe. For eksempel vil ein del sosiologar legge seg nær opp mot økonomisk teori, mens andre legg seg nær opp til daglespråket. Relevansen av retoriske analysar av sosiologisk forskning vil derfor variere. Men uansett vil relevansen av slike analysar vere avhengig av at dei rårar faget på innsida. Såleis er det t.d. utført retoriske analysar av sosiologiske tekstar om skulevesenet, men slike analysar blir berre treffande når det samtidig kan påvisast at analysane er relevante for det vitenskaplege resultatet, og då er det ikkje nok å vere tilskodar til faget. Så lenge ein samfunnsforskar veit kva han gjer og ikkje gjer med tanke på eigen (og andres) begrepsbruk, og dessutan uttrykkeleg seier ifrå om dette, vil det derfor i utgangspunktet vere relativt lite å ta tak i, for den som vil komme opp med fornyande retorisk kritikk. Men då bør det sjølvsagt tilføyast at også sosiologar ser stykkevis og delt og at det ofte kan vere på sin plass med påminningar om at det aktuelle forskingsfeltet også kan gripast med alternative begrep. Dersom ein kritikar på denne måten går inn i faget og kjem opp med gode argument mot den herskande begrepsbruken, frå innsida i faget, vil kritikken derfor vere både relevant og viktig. Dette betyr, i klartekst, at vitenskapsteoretisk kompetent deltaking i fagets grunnlagsdebatt kan gjere den retoriske fagkritikken relevant på ein heilt annan måte enn det som er mogleg ved distanserte retorikkanalysar frå ein tekstteoretisk eller kulturvitenskapleg synsstad.

- i tekstvitenskapleg forskning

Kva så med retoriske analysar av *tekstvitenskaplege tekstar*, for eksempel av ein retorisk analyse? Her er avstanden mellom dei to diskursane, den vitenskapsteoretiske forskinga og det som det blir forska på, redusert slik at dei to må vurderast etter same standard. Vitenskapsteoretisk kritikk av andres tekstar blir då eit innspel mellom kollegaer. Dersom den kommenterte part er nærverande og såleis kan bli kjend med kommentarane, vil vi kunne få ein reell diskusjon. Slik vil det vitenskapsteoretiske bidraget bli eit bidrag *i* den faglege debatten, og ikkje berre ein kommentar over denne debatten. Når dette samanfallet mellom forskarspråk og "objektspråk" blir erkjent, kan vi sjå dette som uttrykk for eit ganske høgt refleksjonsnivå i forskarmiljøet. Men på den andre sida vil denne type refleksiv innsikt, når den ender med sjølvreferensiell skepsis, vere uttrykk for eit internt problem i faget: I den grad den retoriske analysen har eit kritisk sikte, vil dei kritiske poenga som ein rettar mot den teksten ein analyserer, umiddelbart slå tilbake på eins eigen analyse. Sjølvreferansen blir sjølvkritikk. Ved slike forsøk på ein radikal kritikk av språkbruken hos dei andre, oppstår det kjende sjølvreferanseproblemet med tilhøyrande sjølvkritisk og sjølvoppløysande skeptisisme.

(5) Kunnskap om vitenskapleg forskning versus deltaking i grunnlagsdebatten

”Vitenskapsteori – kritisk eller positiv?” var spørsmålet. For å nyansere svaret har vi på den eine sida sett på ein del typiske vitenskapsteoretiske disiplinær og på den andre sida har vi sett på korleis desse ulike vitenskapsteoretiske disiplinane står i forhold til ulike vitenskaplege disiplinær, som forskningstema. Dette grepet gir eit mangefasettert bilete av ulike vitenskapsteoretiske disiplinær og arbeidsmåtar og av forholdet deira til ulike former for vitenskapleg forskning. Utan å underslå den nyanserikdommen og dei mange overgangane som dette biletet viser oss, kan vi likevel tillate oss å peike ut visse paradigmatisk konstellasjonar:

Såleis kan vi t.d. operere med eit analytisk skilje mellom (i) vitenskapsteoretisk verksemd som er ute etter påstandskunnskap om bestemte former for vitenskapleg forskning ved å forske empirisk på desse formene for vitenskapleg forskning, og (ii) vitenskapsteoretisk verksemd som er ute etter å vere med i grunnlagsdebatten i bestemte fag eller fagmiljø, for slik å få betre innsikt i dei grunnlagsproblema som står under debatt, saman med forskarane i desse faga og fagmiljøa.

I så måte kunne vi, lett ironisk, tale om eit skilje mellom vitskapsteoretisk forskning som "positiv forskning" og vitskapsteoretisk forskning som ein type "aksjonsforskning". Men ein slik terminologi ville vere misvisande. For det første, positiv forskning ville ikkje tyde positivistisk forskning, men forskning som leverer påstandskunnskap om eit gitt emne - med dei gjengse atterhald, fordi slik kunnskap er perspektivbestemt og feilbarleg. For det andre er det ikkje tale om aksjonsforskning, i den tyding at visse ekspertar går inn i eit eller anna samarbeid med ei svakstilt gruppe av lekfolk og utviklar og bruker ekspertkunnskap for å fremje dei kampsakene som denne gruppa kjempar for – der det altså er tale om ein asymmetri mellom ekspertar og lekfolk, og der ekspertane arbeider ut frå bestemte politiske siktemål. Når dei vitskapsteoretiske forskarane går inn i ein grunnlagsdiskusjon, skjer det nettopp i eit symmetrisk forhold til kollegaer i vedkommande fag og fagmiljø, og det skjer med eit vitskapleg siktemål – det å få betre innsikt og betre forskning.

Men når desse presiseringane er på plass, kan det truleg vere nyttig å halde oppe eit analytisk skilje mellom vitskapsteoretisk forskning som i denne forstand er kunnskapsorientert og vitskapsteoretisk forskning som er diskursorientert i forhold til grunnlagsdebatten i bestemte fag og fagmiljø. Her vil den diskursorienterte verksemda vere kritisk-refleksiv og dermed vitskaps*filosofisk*. Ein underliggande føresetnad for merknadene våre i det føregåande har nettopp vori at viktige sider ved vitskapsteorien som "kritisk" verksemd botnar i at vitskapsteorien må omfatte vitskapsfilosofi, for å vere på høgd med den sjølvkritiske refleksjonsproblematikken.

(6) Merknad til det idealtypiske skiljet mellom "kunnskap om" og "deltaking i"

Samlande kan vi mellom anna framheve dette poenget:

Når avstanden mellom den vitskapsteoretiske forskinga og den forskinga det blir forska på, er stor – anten det gjeld tid og rom eller begrep og metodar – kan vi primært ha ein kunnskapsorientert variant av vitskapsteoretisk forskning. Typiske døme vil vere vitskapshistoriske eller vitskaps sosiologiske studiar av naturvitskaplege handlingar og hendingar. I ein engelskspråkleg kontekst går slik vitskapsteoretisk forskning gjerne under namnet "science studies", der "science" primært er naturvitskap og der "studies" er sosiologisk og historisk forskning.

Når derimot avstanden mellom den vitenskapsteoretiske forskinga og den forskinga det blir forska på, er liten – anten det gjeld tid og rom eller begrep og metodar – vil vi primært ha ein diskursorientert variant, sikta inn mot å delta i grunnlagsdebatten i dei aktuelle fag og fagmiljø. Typiske eksempel er tekstteoretiske studiar av litteraturvitenskaplege eller filosofiske tekstar. I slike tilfelle vil den doble hermeneutikken mellom dei forskande subjekt og dei subjekt som det blir forska på, vere umiddelbart nærverande for gjensidige kommentarar og dermed for dialog mellom likestilte partar.

Men som sagt, her kan påverknaden gå begge vegar. Dei det blir forska på, kan bli påverka av forskinga (som omtolkar meiningsuniverset til dei det blir forska på). På den andre sida kan dei det blir forska på (så sant dei er nolevande) ta til motmæle og stille kritiske spørsmål tilbake. Denne doble hermeneutikken slår også ut på den måten at erkjennings skeptiske argument, retta mot dei det blir forska på, umiddelbart slår tilbake – fordi ”avstanden” er liten, med tanke på begrepsbruk og metode. Dermed får vi den typen kritisk og sjølvoppløysande sjølvreferanseproblem som vi har nemnt ovanfor.

Tilspissa kan vi då seie det slik: Der ”avstanden” er stor, og der refleksjonsnivået dessutan er lågt, vil ikkje dei vitenskapsteoretiske forskarane bli plaga av den skepsismeproblematikken som følgjer med denne typen kritisk sjølvreferanse. Der ”avstanden” er liten, og der vi har ein viss sjølvrefleksjon, kan sjølvreferanseproblematikken derimot føre til skeptiske holdningar, både til eiga forskning og til vitenskapleg forskning meir allment – slik vi kjenner det frå ymse postmoderne fagmiljø.

(7) Sjølvreferanse og skeptisisme

Men er denne sjølvreferensielle skeptisismen det siste ord i saka? Dét er eit springande punkt. Spissformulert: Vil reflektert vitenskapsteoretisk forskning av dette slaget føre til ein uoppløyselig sjølvreferensiell skepsis – ein skepsis som også omfattar pretensjonen om vitenskapleg erkjening meir allment?

Aller først ein terminologisk merknad: Reflektert vitenskapsteoretisk forskning vil på ulikt vis og overfor ulike forskingsfelt medverke til at vi får eit meir nyansert og nøkternt syn på dei erkjeningsteoretiske pretensjonane ved forskjellige former for vitenskapleg forskning. Dersom dette blir omtala som "skepsis", må denne typen skepsis skiljast frå den sjølvoppløysande skeptisismen som vi har referert til

ovanfor. Vi kan godt leve med auka skepsis overfor vitskaplege erkjenningspretensjonar og likevel halde oppe skiljet mellom gode og dårlege argument i ein bestemt forskingssamanheng eller i ein bestemt diskusjon. Det er når det sistnemnde skiljet blir trekt i tvil, at vi får ein skeptisisme som er sjølvoppløysande og som i siste instans undergrev og umogleggjer seriøs forskning.

Det å erkjenne dette, representerer i seg sjølv ei reflektiv innsikt, og dét er ein type reflektiv innsikt som peiker i retning av ei løysing. For når den kunnskapskritiske refleksjonen blir erkjent som ein reell og fullstendig *sjølvrefleksjon* - og ikkje som empirisk kunnskap om andre, eller som sirkelslutningar ut frå eit formallogisk og deduktivt tankeskjema - vil det som i *første* omgang kan te seg som eit uløseleg dilemma, likevel kunne vise seg å utgjere *ein veg ut av uføret*. Svaret ligg, vil eg hevde, nettopp i å radikaliserer den sjølvkritiske refleksjonen - å reflektere den vitskapsteoretiske og sjølvreferensielle skepsis *til endes* - det vil seie, som ei reell sjølvreferensiell handling her og no, og ikkje som teori, ikkje som empiri, ikkje som formallogisk slutning.

(8) Avslutning

Men dette er eit omfattande og tidskrevjande prosjekt, og det er samtidig eit prosjekt som den enkelte sjølv må arbeide seg inn i og fram igjennom – saman med andre, men alltid med eigeninnsats. Det er tale om innsikt som kvar og ein sjølv må tileigne seg: ”Ein må sjølv rekne stykket om ein tørstar etter svar, og ikkje gjere som dei ’der kommer til et Livsresultat ligesom Skoledrenge; de snyder deres Lærer ved at skrive Facitet ut af Regnebogen uden selv at have regnet Stykket” (som Søren Kierkegaard uttrykker det i sine dagbøger).

Så her kan det vel høve å stoppe opp, for denne gong. Og det så mykje meir som det er Hans Skjervheim vi følgde på desse vandringane gjennom vitskapsteorien, og det er vel hit om lag han førte oss. Herifrå får vi gå vidare sjølve, utan han. Men så er det jo andre vi kan slå lag med, på neste etappe.

Og her vil eg, heilt til slutt, bli sjølvreferensiell på ein annan og meir direkte måte, idet eg vil ønskje ein god ven og fin kollega alt godt på vegen vidare, no når han på 50-årsdagen den 16. september passerer ein av dei grindstolpane som vi kjem fram til etter kvart, alle vi som er heldige nok til å leve så lenge: Eg ønskjer deg ei god

og givande vandring vidare framover! Denne epistelen er skriven til deg, som eit innspel i dialogen oss to i mellom - som er ferdabrev frå den eine farmannen til den andre.